

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Fonna HF
Dato: 23.11.2011
Sakshandsamar: Konstituert direktør Leif Terje Alvestad
Saka gjeld: **Sal av 3 bustader i Haugesund, Friggsvei 31, 33 og 37**

Styresak 104 /11B

Styremøte 21.12.2011

Forslag til vedtak:

1. Styret i Helse Fonna HF tilrår sal av Friggsvei 31, 33 og 37 i Haugesund kommune
2. Saka skal sendast til Helse Vest RHF for vidare handsaming.

Oppsummering

Helse Fonna HF eig tre einebustader i rekke. Bustadane har et primærareal på ca 85 m², og er ein del av Storhaug burettslag 1. Ved eit eventuelt sal vil medlemmar i HAUBO burettslag ha forkjøpsrett på bustadane.

Behovet for denne type bustad har dei seinare åra blitt redusert. To av bustadane har i lengre periodar stått tomme, den eine av bustadane krev omfattande vedlikehald og oppgradering/ standardheving for at den igjen skal kunne leigast ut. Bustadane har gjennom kartlegginga av teknisk tilstand fått tilstandsgrad 3 på vann og sanitær, ventilasjon, elkraft generelle anlegg, og elkraft lys, varme. Dette er anlegg og utstyr det er knytt store kostnader til ved ei oppgradering/standardheving.

Dersom ein fortsett skal anvende bustadane til korttidsleige må dei i tillegg møblerast. I tillegg må vil ein også påførast kostnadar til reinhald.

Primært ønskjer aktuelle leigetakarar å bu nærast mogleg sjukehuset. Ettersom det er avstand mellom bustadane og sjukehuset er dei lite aktuelle for enkeltpersonar som blir innleidde for og jobbe i kortare periode.

Det er i dag kostnader knytt til drift, vedlikehald og administrasjon av bustadane. I tillegg kjem årlege fellesutgifter på 72.000,- kroner.

Alder og tilstand gjer at føretaket ikkje ser for seg inntekter som står i forhold til dei kostnadene det vil vera å renovera, vedlikehalde og drifta bustadane.

Fakta

Den bokførte verdien på bustadane gjer at føretaket må rekna med eit mindre regnskapsmessig tap. *(tilsvarande bustad seljes for 1.400.000 og oppover, alt etter standard, ref Haubo)*

Friggsvei 31 (det same gjeld for 33 og 37)
Gr.nr.:34/ br.nr.:5
Bustad i rekke oppført 1968

Månadlig fellesutgifter: 2000,-

Bokført verdi: 1.912.500

Samla teknisk tilstandsgrad 1,74



Kommentar

Etter helseføretakslova § 31 skal sal av fast eigedom avgjerast av føretaksmøtet i helseføretaket, etter forslag frå styret. Alle bustadane vil ha ein salssum under 10 millionar kroner og kan difor handsamast av Helse Fonna HF sitt føretaksmøte jf. med vedtektene § 11. Etter vedtak skal saka sendast til Helse Vest RHF for vidare handsaming og tidfesting av føretaksmøte.